

Kommentarar til nye rettskrivingsreglar for nynorsk

Frå Øystein Vigestad

Som nynorskkomsetjar og språkvaskar av nynorskmanus på heiltid sidan 1984, og på deltid nokre år før det òg, føler eg meg kalla til å kome med nokre kommentarar til framlegget frå nemnda.

Det verkar som om nemnda har gjort eit godt og grundig arbeid, og i all hovudsak er eg samd i konklusjonane. Eg meiner det er på høg tid at vi får ”ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer”, som det heiter i mandatet til nemnda.

Rett nok har eg stort sett måtta halde meg til læreboknormalen i arbeidet mitt (lærebøker og offentlege tekstar), men også innanfor denne trongare normalen er det behov for innstrammingar.

Eg vil nemne spesielt at eg i arbeid med lesebøker knytte til læreverk i norsk for grunnskulen har opplevd dei mange valfrie formene som problematiske. Eg har (der forfattarane har godteke det, og det skjer heldigvis i dei fleste tilfella) luka ut former som har vore utanfor alle normalar, men såkalla klammeformer har eg sjølv sagt måtta late stå. Eg har synst synd i dei borna som er blitt utsette for det store mangfaldet av bøyingsformer i skjønnlitterære tekstar i slike bøker, nettopp i det faget der dei skal lære å skrive norsk. Mange har peika på at den store valfridommen også skaper problem for dei som har nynorsk som sidemål.

Mine erfaringar med skjønnlitterære tekstar tilseier òg at ein ikkje bør legge stor vekt på skjønnlitteraturen når ein måler frekvensen av ord- og bøyingsformer i bruk. Og lokalaviser er gjerne sterkt prega av direkte slurv og vankunne, i tillegg til at mange uttrykk og vendingar er direkte (og därleg) omsette frå bokmål. Målingar av frekvens basert på ”det nynorske tekstkorpuset” bør derfor ikkje oppfattast som det einaste retningsgivande, særleg i tilfelle der to ordformer har tilnærma lik førekommst.

På somme punkt er eg direkte usamd i forslaga frå nemnda, og gjer greie for det nedanfor. I hovudsak dreier det seg om at eg synest ein burde nytte høvet til å få gjennomført ei endå kraftigare innstramming, men òg at ein bør varsam med å endre innarbeidde bøyingsformer for å gjere nynorsken meir regelbunden eller ”mindre vanskeleg”.

Eg tek først for meg dei forslaga som nemnda spesifikt ber om synspunkt på:

	Framlegg frå nemnda	Mine kommentarar
1	Berre <i>-leg</i> , ikkje <i>-lig</i> (<i>endeleg</i> , ikkje <i>endelig</i>).	Samd
2	Berre <i>-stilling</i> , ikkje <i>-stelling</i> (<i>framstilling</i> , ikkje <i>framstelling</i>).	I orden for meg
3	Valfri <i>j</i> i verb som <i>leggje/legge</i> og <i>søkje/søke</i> og svake hokjønnsord som <i>bryggje/brygge</i> og <i>enkje/enke</i> .	Nei, usamd! Nærmore forklaring nedanfor.
4	Former med diftong blir eineformer i ord som <i>drøyme</i> , <i>høyre</i> og <i>køyre</i> . Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma <i>kjøre</i> .	Samd. Det er ingen grunn til å gjere unntak for forma <i>kjøre</i> !
5	Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (<i>ramme</i> , <i>danne</i>).	Samd

6	Valfri samsvarbøyning i perfektum partisipp av svake verb (<i>Dei er presenterte/presentert</i>). Obligatorisk samsvarbøyning i perfektum partisipp av sterke verb (<i>Dei er frosne</i>). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøyning i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøyning også i svake verb.	Nei, usamd! Hald fast ved samsvarsbøyning også i svake verb, altså slik det er i læreboknormalen i dag.
7	Dykk som subjektsform vert jamstilt med <i>de</i> . Her har nemnda også fått innspel om å velje dialektformer som <i>dokke(r)</i> , <i>dåkke(r)</i> eller <i>dokk</i> .	Nei, sterkt usamd! Dette forslaget kan ikkje vere alvorleg meint! Som nemnda sjølv skriv, har formene <i>de</i> (subjektform) og <i>dykk</i> (objektform) stått fast i nynorsk skriftspråk sidan Ivar Aasen. Desse formene er altså godt innarbeidde i det nynorske skriftspråket, og eg ser ingen grunn til å endre dei. Eg er redd for at det berre skaper problem og forvirring for nynorskbrukarar om dette forslaget blir vedteke.
8	I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene <i>skole</i> og <i>mye</i> , saman med klammeformene [<i>noe(n)</i>] og [<i>bare</i>]. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse.	Samd i dei føreslåtte strykningane. Eg kunne også tenkje meg å stryke fleire bokmålsnære former. Meir om det nedanfor.
9	Kløyvd infinitiv (<i>vera/tenkje</i>) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framleggget som har skapt mest diskusjon til no.	Samd
10	I-mål (<i>sola [sol]</i> (bunden form eintal), <i>husa [husi]</i> (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.	Samd

Meir om punkt 3 ovanfor: Former med og utan j etter g og k

I forslaget (punkt 2.3) heiter det:

Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i ord som i dag har former med *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som klammeform.

Døme: *bygga/byggja, tenka/tenkja*
brygge/bryggje, rekke/rekkje

Eg meiner dette er uheldig. Formene med *j* bør bli eineformer! For det første av språkpolitiske grunnar: Det er eit poeng i seg sjølv å halde oppe skiljet mellom bokmål og nynorsk. Det gjer det lettare å halde nynorsken ved like som eit eige skriftspråk. For det andre finst det ein del ordpar der det er viktig å halde oppe skiljet mellom *j* og ikkje-*j*. Det gjeld t.d. *merke/merkje, trenge/trengje, henge/hengje, rekke/rekkje* og *søkke/søkkje*. Distinksjonane mellom desse verba vil gå tapt dersom forslaget til nemnda blir ståande.

Til punkt 2.3.3 i innstillinga: Ord med obligatorisk j etter g og k

Det heiter i innstillinga (om *ønske/ynske, ønskja/ynskja* og substantiva *stykke* og *merke*):

Svært mange gjer feil i denne gruppa og droppar *j*-en, fordi dei trur at *j*-en er valfri her som i andre verb og hokjønnsord med stammeutgang på *g* og *k*. Likeins er det mange som tek med *j* i inkjekjønnsord som endar på *-ke*, særleg i substantivet *ynske/ønske*. Det er ei forenkling for språkbrukarane om dei her kan velja mellom formene med og utan *j*.

Eg synest ikkje det er noko godt argument for ei endring at mange gjer feil. Med obligatorisk *j* der det er hovudform i nynorsken i dag, skulle det heile bli enklare.

Framlegga frå nemnda under dette punktet er slik:

- > Skrivemåten med eller utan *j* blir valfri i nokre ord som tidlegare har hatt obligatorisk *j* etter *lg* og *rg*. Døme: *følgja/følga*, *sørgja/sørga*.
- > Nokre tradisjonelle former skal framleis ha obligatorisk *j*: *fylgja*, *syrgja*, *lægje*, *tægje*.
- > Verbet *ynskja/ønskja* og substantivet *ynske/ønske* får valfri skrivemåte med eller utan *j*: å *ynska* el. *ynskja* el. *ønska* el. *ønskja*; eit *ynske* el. *ynskje* el. *ønske* el. *ønskje*.

Det første punktet her er eg sterkt usamd i. Hald fast ved obligatorisk *j*! Eg er også sterkt usamd med forslaget i det tredje punktet. Eg meiner at det berre vil skape forvirring om det skal vere valfridom i begge desse orda. Altså: Hald fast ved dei reglane som gjeld i dagens læreboknormal.

Meir om punkt 8 ovanfor: Å stryke ein del former i høgfrekvente ord

Eg er samd i dei forslaga nemnda kjem med. I tillegg vil eg meine at det ville vore ein fordel for nynorsken (ut frå argumentet om at det bør vere eit visst skilje mellom dei to norske skriftspråka her i landet) om ein også gjorde *då* og *endå* til eineformer (og altså kutta ut *da* og *enda*). Det same gjeld *åleine* og *no* (adv.). Kutt altså ut *åleine* og *nå*.

Kommentarar til nokre av dei andre framlegga frå nemnda

Til punkt 3.1.1 og 3.1.2 i innstillinga: Hankjønnsord og hokjønnsord i fleirtal

Eg ser ingen grunn til at endre på bøyinga av dei hankjønnsorda som fram til no har hatt *-er/-ene* som hovudform. Ein bør vere varsam med å tvinge innarbeidde bøyingsformer inn i eit nytt skjema, sjølv om det er ”hovudskjemaet”.

Regelen om at hankjønnsord som endar på *-nad*, skal ha *-er*, *-ene* i fleirtal, burde vere godt kjend blant nynorskbrukarar, og eg ser ingen gode grunnar som taler for å endre denne regelen. Når det gjeld *villaar/villaane*, er det mest av omsyn til den vanskelege uttalen *dobel a* vil gi, at eg vil halde fast ved *-er*, *-ene*.

Eg ser heller ikkje nokon god grunn til å endre eit godt innarbeidd bøyingsmønster for hokjønnsorda *myr*, *elv* o.fl.

Til punkt 3.5.1 i innstillinga: Samsvarbøyning av perfektum partisipp i predikativ stilling

Eg synest det enklaste og greiaste er å gjennomføre samsvarsbøyning for alle verb, med dei unntaka som allereie finst, og som nemnda har gjort greie for.

Nokre fleire innspel

Dra, la(te) og ta bør berre ha sterk bøying!

Eg synest ikkje ein skal ta inn formene *setta* og *sitta*. Dette er også ord som gjer skiljet mellom nynorsk og bokmål uklart.

Formene *turka*, *turr*, *sundag*, *[sumar]* og *so* bør gå ut av nynorsknorma. Gjerne *[gamal]*, *[domar]* og *[døma]* òg.

Elles ser eg gjerne at *ljod* og *ljos* går ut av skriftnorma, slik at formene *lyd* og *lys* blir eineformer.

Eg stiller meg svært skeptisk til at formene *rør* og *mør* skal gå ut og *røyr* og *møyr* gjerast til eineformer. Det same gjeld *ty* (der *tøy* blir eineform). Vil dette også gjelde i samansetjingar som t.d. *verkty*? Dette er etter mitt syn å dra prinsippet om konsekvens når det gjeld å innføre diftongar, for langt. (Punkt 2.1.2 i innstillinga.)

Dessutan vil eg gjere merksam på eit poeng når det gjeld verb med diftong og verb med monoftong, t.d. *høyre*, *køyre* og *føre*, *lære*. Verb med diftong bør ha *-de* i preteritum, medan verb med monoftong bør ha *-te*. Dette har med uttalen å gjere; *høyerte* og *køyerte* er vride å seie, *førte* og *lærte* går greitt. (Punkt 3.4.7 i innstillinga.)

Adjektivet *mog(e)leg* har etter framleggget fått redusert talet på variantar frå seks til tre. Eg ser gjerne at både *mogeleg* og *muleg* går ut. Eg synest altså at vi godt kunne greie oss med eineforma *mogleg*.

Binde-e-en bør elles strykast også i andre adjektiv der det i dag er valfri binde-e (jf. punkt 3.2.5 i innstillinga).

I dag kan ein bøye verbet *bli/verta* på tre ulike måtar, der den eine bøyingsmåten er *bli – blir* – *vart – vorte*, altså ei blanding av dei to (fonetisk) svært ulike verba. Eg ville gjerne hatt høve til å bruke preteritumsforma *vart* utan å måtte bruke *vorte* i perfektum. I denne samanhengen kan eg nemne at ein i svensk kan nytte preteritumsforma *vart*, sjølv om ein elles bruker bøyingsformer av *bli(va)*.

Lykke til med det vidare arbeidet!

Oslo, 22. februar 2011

Øystein Vigestad